

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 19/39-7

Namn på tunnel på fv. 55 i Balestrand kommune

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Tunellen på fv. 55 i Balestrand får namnet «Kreklingetunnelen»

Vedlegg:

Namn på tunnel på fv.55 i Balestrand kommune
Melding om politisk vedtak - Namn på tunnel på fv. 55 i Balestrand kommune
Balestrand kommune - Kreklingetunnelen - tilråding

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Balestrand kommune har vore i kontakt med Statens vegvesen for å få skilta tunnelen på fv. 55 i Balestrand. Tidlegare gjekk rv. 55 gjennom Balestrand sentrum. Då det vart behov for å utbetre denne strekninga, vart riksvegen flytta til ei øvre line. Det vart bygd og opna ny tunnel ved Kreklingen i 1985. I samband med forvaltningsreforma i 2010 vart riksvegen omklassifisert til fylkesveg.

Kommunen ønskjer no å få skilta tunnelen med namn. Det viser seg at det ikkje er vedteke namn på tunnelen, og den kan ikkje skiltast før det er gjort namnevedtak.

Sentrale problemstillingar

Stadnamnlova gir reglar for prosessen med å sette namn på stader og korleis namn i offentleg bruk skal skrivast. Tunnelen er ein del av fylkesvegnettet.

Bustadområdet aust for tunnelen heiter Kreklingen. Den kommunale vegen opp til området heiter Kreklingevegen. Namnet «Kreklinge-/Kreklingen» har tilknytning til området. Statens vegvesen har registrert tunnelen med namnet Kræklingetunnelen i Norsk vegdatabank (NVDB). Namnet skrivne med «æ» er ikkje i samsvar med namna på området og den kommunale vegen, som er skrivne med «e».

Statens kartverk har vurdert namnet, og tilrår namnet Kreklingetunnelen for at skrivemåten skal vere lik med namna elles i området.

Balestrand kommune har fått saka til uttale. Formannskapet har gitt følgjande fråsegn: «Balestrand kommune har ingen merknader og er positive til at tunnelen på fv. 55 ved Balestrand sentrum får namnet Kreklingetunnelen».

Språkrådet har i brev av 25.02.19 uttalt følgende:

«Så langt me kan sjå, er det tilrådeleg å nytta Kreklingetunellen (evt. -tunnelen) som namn på den aktuelle tunnelen i Balestrand». Språkrådet minner om at formene tunell og tunnel er jamstilte i dei gjeldande rettskrivingsordlistene.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det er ønskjeleg å få namnsett tunnelen på fv. 55 i Balestrand. Både Språkrådet, Statens kartverk og kommunen tilrår namnet «Kreklingetunnelen». I Sogn og Fjordane er skrivemåten tunell den vanlege skrivemåten.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at tunellen på fv. 55 i Balestrand får namnet «Kreklingetunnelen».